

Nordfjord Motorhistoriske klubb  
Att: Frode Naustdal

6216 Geiranger, Norway, Tel: +47 70 26 83 00,  
Fax: +47 70 26 83 50, E-mail: geiranger@hotel-union.no,  
Org.nr: 960465725 MVA

[frodenaust@yahoo.no](mailto:frodenaust@yahoo.no)

[www.hotel-union.no](http://www.hotel-union.no)

Dato: Geiranger 30.01.08

### Tilbod på helgeopphald våren 2008

Vi viser til mail, og har gleda av å kunne presentere følgjande tilbod:

- Tid:** ankomst fredag 2. - avreise søndag 4. mai 2008\*  
\*Konsert med Vidar Johnsen (tidligere frontfigur i Vamp) og PeterNordberg.  
ankomst fredag 9. - avreise søndag 11. mai 2008  
ankomst fredag 6. eller 13. – avreise søndag 8. eller 15. juni 2008
- Antal:** **15 - 30 personar i enkle og doble rom**  
Vi har pr. dato ikkje reservert rom for gruppa dykkar.
- Pris:** **kr 2050,-** pr. person i standard doble rom, mai helg  
**kr 2490,-** pr. person i standard doble rom, juni helg  
tillegg for enkelt rom **kr 280,-** pr. person, pr. døgn  
oppgradering til medium standard rom **kr 50,-** pr. person, pr. døgn  
oppgradering til fjordutsikt rom **kr 200,-** pr. person, pr. døgn
- Prisen omfattar:** **Pensjon for helga inkluderer:**  
# opphald i doble rom 2 overnattingar med stor frukostbuffet laurdag og søndag.  
# Unionbuffet med eit stort utval av varme og kalde rettar, ostebord og dessertbord fredag og laurdag kveld.  
**# fri leige av ein plenum sal etter ønskje**  
# store salongar og pauseareal tilgjengeleg  
# fri tilgang til hotellet sine fasilitetar. Vi nemner:  
- Velværeavdeling med sauna, tyrkisk bad, innan- og utandørs symjebasseng og utandørs boblebad  
- dans til orkester alle dagar utanom søndag  
- unik veteranbilsamling  
- romslege salongar
- Tillegg i pris ved:** # ekstra lunsj kr 215,- pr. person  
# leige av ekstra møte- og grupperom  
# opphald i junior suite og deluxe suite  
# ekstra menyar og arrangement  
# ekstra

**Program:** Med ein gong bestillinga har kome oss i hende, startar våre kurs- og konferanseplanleggjarar planlegginga av arrangementet dykkar. Dei vil ta kontakt med deg i god tid før arrangementet, for gjennomgang og forslag av transport, møtetidspunkt, aktivitetar, namnelister med meir.

**Aktivitetar:**

Under fyljer nokre av aktivitetane vi kan by på;

- Nyt velværeavdelinga vår med innan- og utandørs symjebasseng, sauna, tyrkisk bad og utandørs boblebad.
- Dans til orkester 6 dagar i veka.
- Besøk Geiranger Fjordsenter som også har UNESCO sitt informasjonssenter.
- Geiranger har mange flotte turstiar, og vi kan anbefale turar til Skageflå, Storseterfossen, Vesterås og Grindalen. Ta med lunsjpakkar frå hotellet og nyt dagen.
- Kvifor ikkje ta aperitiffen i vår unike veteranbilgarasje med opne 7-seterar, og få fortalt historia om Geiranger og Hotel Union.
- Rattkjelke er ein klassikar. "Flåklypa" turen frå Flydalsjuvet til hotellet er ei fartsfylt oppleving vinterstid.
- Neipsteiking og kønnjølsmaking er ein populær aktivitet. Ei fin samlingsstund for firmaet, der ein får smake på pinnekjøtt steikt over open eld, og heimelaga øl saman med gode historier frå Geiranger. Dette må bestillast på førehand.
- Historisk vandring – eit avslappande og interessant besøk i hotellet si veteranbilgarasje og utandørs med historieforteljing om kraftverk og gardane ved hotellet.
- Om de ynskjer ei spesiell ramme rundt middagen, kan vi foreslå temamiddagar i Mollaløa, på Geiranger Fjordsenter, grilling i hagen, festmiddag i eige lokale m.m..

Søk også på våre internettsider [www.hotel-union.no](http://www.hotel-union.no) for meir informasjon.

Vi vil ta kontakt for gjennomgang av tilbodet og eventuell bestilling av opphald. Vi på Hotel Union kan love at vi skal gjere vårt beste for å skape eit trivelig arrangement med nógde gjester. Vi håper vi kan få gleda av å ynskje deg og dine gjester hjarteleg velkomne til Geiranger og Hotel Union.

Med venleg helsing

**Hotel Union Geiranger**

*(sign.)*


Iris M. Westerås  
Salgskonsulent

## Historisk vandring



Bli med på ei guida historisk vandring gjennom nabolaget til Union Hotel. Få med deg både Veteranbilgarasjen, det gamle kraftverket og Geiranger Fjordsenter på ein og same tur! Veteranbilgarasjen med dei oljeduftande, grasløse kjøredningane frå ein tidsepoke som no er borte. Kraftverket som Mjelva-familien fekk bygd for å få elektrisk kraft til bygda tidleg i det førre hundreåret, og som danna grunnlaget for Grepa-komfyrane. Og Geiranger Fjordsenter, som på ein interaktiv og engasjerande måte tek deg gjennom Geirangerfjorden si historie som vestlandsbygd og naturperle!

Pris inkludert guide og inngangsbillett til Geiranger Fjordsenter: kr 115,- pr. person



UTSTILLINGA  
EXHIBITION  
DIE AUSSTELLUNG  
EXPOSITION

BILETREISE  
PHOTOGRAPHIC JOURNEY  
EINE REISE IN BILDERN  
UN VOYAGE A TRAVERS DES PHOTOS

## DALSNIBBA OG FLYDALSJUVET



Geiranger Skysslag har lange tradisjonar når det gjeld å yte service til turistar og gjester i Geiranger. Hovudoppgåvene var – og er framleis – transport frå Geiranger og opp Flydalsjuvet (320 m.o.h) og Dalsnibba (1500 m.o.h). Denne transporten gjekk tidlegare føre seg med hest og kjerre, deretter med bilar frå Geiranger Vognfabrikk og amerikanske opne bilar med plass til sju personar, før turistbussane tok over då den moderne tida kom på 1950-talet. Denne flotte naturopplevinga kan Geiranger Skysslag også tilby i dag, med moderne, komfortable turbussar eller i ein av veteranbilane våre frå 1930-talet. Len deg attende og nyt utsikten over den vakraste fjorden i verda og naturen omkring deg!

Tal:

10–400 personar

Pris tur/retur Flydalsjuvet:

kr 1 170,- pr. buss

Pris tur/retur Dalsnibba:

kr 3 800,- pr. buss +

bompengar kr 15,- pr. pers.

7 % mva. kjem i tillegg på bussprisen.

Pris veteranbil får du ved å spørje.

## TUR TIL FJELLGARDEN SKAGEFLÅ



Ta ein sightseeingtur på den vakraste fjorden i verda med MS Geirangerfjord. Denne komfortable båten tar deg med på ein rundtur der du får sjå den utrulege naturen på nært hald. Kjenn den svale vinden som "De syv søstre" skaper der dei fell mot fjorden, og opplev den kraftfulle Geitfossen på motsett side. Innimellom ligg det særigne fjellgardar på dei mest utrulege stader. Vil du oppleve meir, kan båten setje deg av på veg ut slik at du kan gå opp til Skageflå. Denne garden er blitt spesielt kjent etter at kongeparet tok med seg alle dei kongelege gjestane sine hit opp under sølvbryllaup-cruiset i 1993. Her oppe får du sjølv ei føling av korleis det var å leve og bu på ein slik stad. Vi tilbyr guide som kan fortelje om dei fascinerande lagnadane og om historiene som høyrer heime på dei ulike gardane. For å kome attende til Geiranger kan du velje anten å gå ned att til båten eller nytte stien langs fjorden attende til hotellet. Denne stien har fått namnet Dronningruta etter at H.M. Dronning Sonja gjekk han attende til Geiranger.

Kapasitet MS Geirangerfjord:  
167 personar (118 sitteplassar)

Billett:	kr 110,-
pr. person	
Guide:	frå kr 2
500,-	